

Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 14.04.2014
Vår ref.: 2014/10587-3
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.:

Rv 555 Fastlandssambandet Sotra-Bergen - parsell Kolltveit - Storavatnet - reguleringsplan. Resultat frå arkeologisk registrering hausten 2013.

Vi syner til tidlegare korrespondanse i saka, seinast Dykkar godkjenning av utvida registreringsbudsjett datert 06.01.14, samt anna kontakt som gjeld arkeologisk registrering i samband med reguleringsplan for Sotrasambandet, parsell i Fjell kommune.

Hausten 2013 gjennomførte Hordaland fylkeskommune arkeologisk registrering i planområdet heimla i §9 i kulturminnelova. Registreringa påviste 18 nye automatisk freda kulturminnelokalitetar i planen sitt landareal, freda etter §4 i kulturminnelova. Bergens Sjøfartsmuseum har gjennomført marinarkeologiske registreringar i planen sitt sjøareal hausten 2013, desse undersøkingane påviste ingen marine kulturminne etter §14 i kulturminnelova, jf. uttale frå Bergens Sjøfartsmuseum datert 14.10.13.

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, har i møte med Statens vegvesen 06.02.13 informert om funnsituasjonen, og drøfta mulege konflikhtar med automatisk freda kulturminne og ny vegtrasé.

Automatisk freda kulturminnelokalitetar skal i utgangspunktet bevarast i reguleringsplan gjennom arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, kombinert med omsynssoner og tilhøyrande føresegner, jf. plan- og bygningslova §§ 11-8c, 11-8d og 12-6. Der planen ikkje kan justerast for å ta omsyn til automatisk freda kulturminne, kan det for viktige samfunnsmessige tiltak søkjast dispensasjon frå kulturminnelova for løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne. Tilråding til dispensasjon føreset at Hordaland fylkeskommune kan seie seg samd i arealbruken i planen. Det er Riksantikvaren som eventuelt kan gi dispensasjon frå kulturminnelova etter §8,4 ledd. Dette skjer når reguleringsplanen er lagt ut til offentleg ettersyn. Vi gjer merksam på at dispensasjon frå kulturminnelova vanlegvis blir gjeve på vilkår av nærare arkeologisk granskning. Etter §10 i kulturminnelova skal slike granskningar dekkast av tiltakshavar.

Automatisk freda kulturminne som kan bevarast i planen må markerast med omsynssone d (SOSI-kode H730), avgrensinga skal omfatte lokalitetsavgrensing samt fem meter sikringssone. Vidare bør det gjevast ei omsynssone c (SOSI-kode H570) i eit areal rundt lokaliteten for å sikre kulturminnet mot inngrep og skjemming, jf. §3 i kulturminnelova. Kulturminne som blir liggjande i tilstøytande areal til reguleringsplanen bør òg inkluderast i planavgrensinga med omsynssoner. Kulturminne i eventuell direkte konflikt med nye tiltak, og som det dermed må søkjast dispensasjon frå kulturminnelova for, må visast med avgrensing og nytt arealføremål i plankartet.

Vi ber Statens vegvesen ta kontakt med Hordaland fylkeskommune når det føreligg meir detaljerte trasèteikningar, slik at ein kan få avklart omsynssoner og merking i plankart før planen kjem til offentleg ettersyn.

Rapport frå arkeologisk registrering er vedlagt, faktura for etterarbeidet blir ettersendt. Vi minner om at det er kjent ei rekke nyare tids kulturmiljø i planområdet, og ber om at desse vert teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Vi gjer for ordens skuld merksam på at dette brevet berre omtalar tilhøvet til automatisk freda kulturminne i planen, og syner til vårt brev datert 12.04.13 for andre innspel i saka.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lilli Mjelde
Magnus Natås
Hans-Christian Engum
Fjell kommune